

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|-----------|------|------------|
| 016/19 | Valstyret | PS | 10.09.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Thomas Lindås | FE-010 | 18/267 |

Valstyret 10. september - oppteljing av seint innkomne førehandsstemmer

Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer.

Valstyret - 016/19

VS - behandling:

Det er totalt 44 stemmegivningar til telling, 24 seint innkomne førehandsstemmer og 20 førehandsstemmer lagt til side. Det er 41 stemmesedlar til fylkestingsvalget og 46 stemmesedlar til kommunevalget. 2 av stemmesedlane til kommunevalget er ustempla. Vidare er det 4 stemmer på parti som ikkje stiller liste i Austrheim kommune.

Med heimel i vallova § 10-3 vert 2 stemmesedlar til kommunevalet forkasta, då dei ikkje har stempel.

Med heimel i vallova § 10-3 vert 4 stemmesedlar til kommunevalet forkasta, då dei aktuelle partia ikkje stiller liste i kommunen.

Det gir følgjande fordeling til kommunevalget: SV H Krf SP Blanke AP
Bygdelista Parti som som ikke stiller liste 5 9 6 4 2 13 1
4Totalt 44 stemmer. Det gir følgjande fordeling til fylkestingsvalget: FNB FRP AP
KRF V Pensjonist p H MDG 4 2 11 5
4 3SP Helsepartiet Rødt SV Blanke Demokratene Priatparitet
Liberalistene 6 6 Totalt 41 stemmer.

Handsaming i valstyret:

Samrøystes vedtak.

VS - vedtak:

Valstyret godkjenner oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er mogleg å førehandsstemma fram til fredag 6. september klokka 16.00. Valdirektoratet skal ordna henting og levering av desse mellom kommunane, men det er ikkje sikkert at alle stemmer frå andre kommunar er framme hjå oss tidsnok til å delta i oppteljinga på valdagen 9. september.

Det er først mogleg å telja seint innkomne førehandsstemmer frå klokka 17.00 på tysdag 10. september. Saman med desse skal ein også telja 20 ordinære førehandsstemmer som er lagt til side dagen før. Dette med å leggja stemmer til side skal sikra hemmeleg val, sidan det kan vera få seint innkomne førehandsstemmer.

Når ein er ferdig med oppteljing av seint innkomne førehandsstemmer, og ordinære førehandsstemmer som er lagt til side, er det klart for å føreta endeleg valoppgjær med kandidatfordeling. Det endeleg valresultatet, herunder korleis personstemma påverkar kandidatfordelinga, vert først klar etter at det endelege valoppgjæret er gjennomført.

Konklusjon

Valstyret godkjenner oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer.